



PROTOKOLL FRÅ ÅRSMØTE I OLAV SLETTOS-SELSKAPET ONSDAG 27. MAI 2026 KL. 1800 VIKA

1.	Årsmøtesaker Olav Sletto-selskapet (OSS) og framtida. Vi viser til skjermbrev frå kasserar Ola Ruud datert 15.3.2026, og f.d. leiar i Olav Sletto-selskapet sitt svar på dette datert 18.3.2026, som er sendt alle medlemmer i OSS. Spørsmålet var om nokon kunne tenkje seg å halde fram med OSS. Resultat: Ingen ynskjer å halde fram med Olav Sletto-selskapet. Innkomne forslag vart drøfta og ansvar for gjennomføring plassert: - flytte skiltet med mykje informasjon om Olav til parkeringsplassen som ligg i Slettosvingen saman med informasjon om at går du dit skiltet peikar, så kjem du til staden der Olav Sletto vaks opp. - la pengane stå på konto og finn ein som har tilgang til den når det trengst (sjå pkt. 5) - QR kode på info.-tavla som gjer at du kan høyre på det som Arne Skogheim i si tid las inn? Då kan du få det rett på øyra gjennom smarttelefonen din. - fornye målinga på Olav Sletto-minnesteinen i Sletto - Statisk lagring av nettstaden www.olavslettoselskapet.no Avklarande møte om saka kl. 12 onsd. 27.5.26. Tilstades: Anders Medhus, Henning Bergersen, Ola Ruud og Eva Almhjell. Stipulert kostnad ca. kr. 10 000. Referert i årsmøtet. Utgifter til årleg leige drøfta. - Hol kommune eig Sletto-arkivet. Det er lagra i Hol bygdearkiv. Selskapet sine mål er langt på veg oppfylte. No er det forskning på Olav Slettos liv og diktning som er aktuelt. Den oppgava er best ivarettatt av bygdearkivet. Derfor kan OSS leggjast ned.	Eva Almhjell, leda møtet Ansvar gjennomføring: Knut Medhus Knut Medhus i samarbeid med Anders Medhus Turid Birgit Lien Anders Medhus og Eva Almhjell Hol kommune? Nedlegging einstemmig vedtatt av årsmøtet 2026
2.	Opptelling av talet på møtedeltakarar med stemmerett og fullmakter	6 medlemmer
3.	Godkjenning av innkalling. Vi viser til breva nemnde i pkt. 1 og annonse om årsmøtet i Hallingdølen, torsdag 7. mai 2026	Innkalling godkjent
4.	Val av to personar til å underteikne årsmøteprotokollen. Turid Birgit Lien og Grethe Larsgard Rudningen har signert protokollen.	Turid Birgit Lien. Grethe Larsgard Rudningen (laga ref)
5.	Rekneskap – delt ut i møtet – viser balanse pr. 31.12.2025 på kr. 44 656.80. Kasserar Ola Ruud gjorde greie for rekneskapen, og vart takka for innsatsen gjennom alle pr. Vedtak: inntektene frå Kopinor i åra 2019-2025, kr. 20 000, skal fordelast på etterkomarane.	Ola Ruud og Eva Almhjell følgjer opp

Henning Bergersen, kulturvernleder, Hol bygdearkiv, orienterte om Olav Sletto-arkivet i bygdearkivet og biblioteksjef Siv Nilsen Isaksen orienterte om Sletto-rommet i biblioteket. Dei takka OSS for strålende arbeid med Sletto-arkivet, ikkje minst transkriberingane og digitaliseringa av all Sletto-korrespondanse, og informerte om Hol kommune sitt ansvar etter nedlegginga av Olav Sletto-selskapet.

Anders Medhus orienterte om og foreslo løysingar vedr. «statisk lagring» av nettstaden www.olavslettoselskapet.no